



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 18.12.2017
Vår ref.: 2015/5147-22
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.:

Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua - søknad om ferjeavløysingsmidlar og bompengesøknad.

Fylkestinget handsama 12.12.2017, sak 111/2017, «Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua» og gjorde slikt vedtak.

1. *Fylkestinget støttar Masfjorden kommune sitt ønske om å byggja prosjektet Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua.*
2. *Fylkestinget vedtek å senda søknad om ferjeavløysingstilskott.*
3. *Fylkestinget merkar seg at fleirtalspartia på Stortinget har tinga ein gjennomgang av ordninga ved budsjettforliket november 2017. Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua må fullfinansierast av ferjeavløysingsmidlar inkludert statleg finansiering av kapitalkostnader, bompengar og kommunale tilskott.*
4. *Fylkestinget vedtek å senda bompengesøknad for Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua, datert 16.11.2017, med følgjande bompengeopplegg:*
 - 4.1 *Fylkestinget vedtar at Hordaland fylkeskommune gir sin tilslutnad til at prosjektet Masfjordsambandet blir delfinansiert med bompenger og syner til Masfjorden kommune har slutta seg til forslaget frå Statens vegvesen.*
 - 4.2 *Det vert lagst til grunn ei styringsramme for prosjektet på 1 200 mill. 2017-kr og ei kostnadsramme på 1 400 mill. 2017-kr. Rammene er fastsett etter ekstern kvalitetssikring (KS2). Bompengebdraget er førebels rekna til om lag 180 mill. kr. Masfjorden kommune bidrar med totalt 40 mill. 2017-kr. Hordaland fylkeskommune finansierer resten av beløpet, om lag 980 mill. kr inkl. mva-kompensasjon. Fylkestinget føreset at det fylkeskommunale bidraget inkludert kapitalkostnader, vert finansiert av fergeavløysingsmidlane.*
 - 4.3 *Innkrevinga skjer i begge retningar i en automatisk bomstasjon som vert plassert på Skarvetangen.*
 - 4.4 *Bompengeperioden er avgrensa til 20 år.*
 - 4.5 *Hordaland fylkeskommune aksepterer at gjennomsnittleg bompengetakst vert sett til 90-95 2017-kr. Med gjeldande føresetnader tilsvarar dette 104–110 kr per passering for køyretøy i takstgruppe 1 og 208–220 kr for køyretøy i takstgruppe 2. Nullutsleppskjøretøy skal betala*

50 pst av takstgruppe 1.

- 4.6 I samsvar med nye takstretningslinjer vert det lagt til grunn at trafikantar i takstgruppe 1 som betalar med elektronisk brikke oppnår 20 prosent rabatt. Det vert ikkje gjeve rabatt for køyretøy i takstgruppe 2. Det er føresett at bompengetakstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga.
- 4.7 Kostnadsauke utover prisstigninga opp til kostnadsramma for prosjektet skal dekkast med fylkeskommunale midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er fylkeskommunen sitt ansvar.
- 4.8 Om inntektene vert høgare og/eller finansieringskostnadene lågare enn føresett, skal bompengetaksten reduserast eller bompengeperioden kortast ned. Endeleg takst- og rabattsystem skal leggjast fram for lokalpolitisk handsaming i god tid før innkrevinga tek til.
- 4.9 Om det etter at innkrevinga er igangsett viser seg at bompengeselskapet sin økonomiske situasjon gjer det naudsynt, kan bompengeselskapet, etter avtale med Vegdirektoratet, auka gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. ut over prisstigninga og/eller forlenga innkrevingsperioden med inntil 5 år.
- 4.10 Hordaland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldarnarkausjon for nødvendige bompengelån 250 mill. kr for utbygging av Masfjordsambandet gjeve dei føresetnadane og vilkåra som er omtala i saka.
5. Endeleg vedtak om prosjektet og finansiering vert å koma tilbake til utan at fylkeskommunen forpliktar seg ved oversending av søknad om ferjeavløysingstilskott og bompengesøknad.
6. Fylkestinget meiner at auke i klimagassutslepp skal kompensast i framtidige klimabudsjett for å ivareta fylkets ambisjonar om kutt i klimagassutsleppa.

I punkt 4.3 og 4.4 i «Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer» står det at «Søknad om ferjeavløysingsmidlar, basert på eit fylkespolitisk vedtak, skal rettast til Statens vegvesen regionalt» og at «Fylkestinget må behandle søknaden, inkludert førebels finansieringsplan, og gjere eit prinsippvedtak om prosjektet før søknaden blir sendt til dei regionale vegmyndighetene.»

Vi viser til at Samferdselsdepartementet i epost frå 14.09.2017 til Hordaland fylkeskommune har stadfesta at fristen «inn til departementet» før 31.12.2017, for å koma inn under «gamal ordning» for ferjeavløysing, gjeld for når fylkeskommunen sender ein fullstendig og endeleg søknad til Statens vegvesen og at fristen ikkje vil inkludera den interne handsaminga i vegvesen og departementa.

I samsvar med retningslinjene inneheld denne søknaden om ferjeavløysing prinsippvedtaket frå fylkestinget (punktta ovanfor) og finansieringsplan, inklusive bompengesøknad, med tilhøyrande dokumentasjon og informasjon om det nye vegnettet (sjå vedlegg). Det omsøkte prosjektet er i samsvar med godkjent reguleringsplan (vedlegg).

Vi viser til punkt 4.6 i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga:

«Statens vegvesen regionalt behandlar søknaden og gjev tilråding til Vegdirektoratet, som så gjev si tilråding til Samferdselsdepartementet. Samferdselsdepartementet avgjer endeleg om prosjektet skal inkludrast i ordninga, ut frå vilkåra i retningslinjene.»

- og til vanleg saksgang for bompengesøknadar.

Statens vegvesen Region vest er kjent med prosjektet. Hordaland fylkeskommune ber Statens vegvesen Region vest om å supplera søknadane med bruteknisk dokumentasjon, siste versjon av trafikknotatet og anna relevant dokumentasjon som Statens vegvesen har utarbeida for prosjektet.

Hordaland fylkeskommunen meiner ved innsendinga av denne søknaden, at det no er sendt inn ein fullverding søknad om ferjeavløysingstilskott i samsvar med «Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer, Fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 22.02.2016. Sist revidert 10.11.2017.»

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Bjørn Inge Midtgård
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Saksframlegget med vedlegga, bortsett frå bompengesøknaden
- 2 Bompengesøknad, datert 16112017
- 3 Reguleringsplan
- 4 Masfjorden kommune - vedtak om bompengesøknad.
- 5 KS2 med vedlegg - Uofff. § 23
- 6 Anslagsrapport - Uoffl. §23
- 7 Protokoll - FT121217